

— Lagsblad —

Nr. 1

Januar 1935

18 året

## Ved nyårs-skiftet.

Siste samkomene i laget var festar. 3. joledag 27 desember var det joletreffest.

Kl. 9 vart festen opna ved formannen O. A. Vestbø, han helsa festlyden velkomen, og vona me måtte få ein gild fest – ein fest som hadde den rette jolestemming over seg.

So spela *Stavanger Orkesteret* dir. *Harald Kristiansen* – eit flott musikkstykk. Fettleiden song so ein jolesong, og skulestyrar *Molaug* heldt ein retteleg gild tale som gjorde sitt til at me fekk den rette jolestemming.

Etter talen spela orkesteret ein fantasi over alle dei kjende jolesongane – og so gjekk me i mange og store ringar kring joletreet, og orkestret var gilde og spela til songane heile kvelden. *Jostein Jacobsen* song fleire gilde songar. So fekk me mat, kaffi, jolegjeit og jolebrød – og so vart det ringar kring joletreet fleire gonger. – Inn i millom var det opplesing av

fru *Arnestad Meland*, og me fekk ogso appelsiner. Festen var slutt kl. 12.

Ein gild fest som laget og lagsfolket hadde mykje gleda av. Undarleg kor alle kan syngja når det er joletreffest. Det var ikkje nokon song som låg for høgt for nokon då, – enn om me vilde ta oss ein gran saman på lagsmøti, og vera me å syngja like godt då som på joletreffesten, jau då skulde det verta song i laget.

\*

Nyårsafta var det og fest. Umlag 120 var sessa kring dei festpryda bord. Formannen i festnemndi *Ledål* helsa festlyden velkomen tilbords, og gav so ordet til formannen i Rogaland Unggomslag, – lærar *Straumsheim*, som heldt ein sterk og kveikjande festtale. Han tala um ljuset og myrkre. Skrymt og myrkremaktar hadde alltid havt ei fælsleg rædsle for ljuset, men trass i at ljuset var reint og sterkt, so hadde myrkre likevel fenge eit godt tak

i verdi, og menneskje i vår tid lot seg og i mange høve leida av myrkre makter. Men talaren var viss um at ljuset skulde vinna siger. Enno var det mange myrkre dalar og skogar som stengde for ljuset; men dei ljose og gode maktene skulde sigra til gleda for folk og land – ja til lukka for heile verdi. – Talen fekk mykje fagning. No fekk me mat og det var stutte talar ved bordet av *Gunnar Lovik, Thomas Clementsen og Lars Bø.*

So gjekk det med leik og gaman til klokka vart burt i mot 12, då gjekk me den tradisjonelle mars, me gav kvarandre brorskapshand, og med gamle året stille seig inn i gløymse, song me: «*Gud signe vårt dyre fedraland.*»

Klokka slog so 12 tunge slag – 1934 – var slutt, og eit nytt år var runne.

Eit nytt år, kva vil det gjeva? Nokre vil vel få ljøs og gleda – andre kanhenda, motbør, sorg og saknad? Det nye året møtte me her i laget med song. Heile festlyden var med, då ringen song: «*No er det i Noreg atter dag.*»

So vart det då helsa godt nyttår lagsfolket imillom. Musikken spela og det gjekk lystig med leiken.

Kaffi og jolekaka fekk me nede i Matstova.

Festen slutta kl. 3. Ein gild fest frå fyrst til sist. Me vil her få senda festnemndi ei varm takk for alt strævet dei hadde med festen.

Lat meg med det same få takka alle lagsfolk for året som gjekk, og ynskje alle eit godt nytt år.

Eit godt nyttår for kvar einskild og for laget.

*Bastian.*

---

## Sundag 10. januar

vert eit gildt møte i laget.

Det vert noko nytt, – 11 lagsfolk skal då tala. Det kan høyrast mykje ut – men vert no ikkje skræmde for det. Eg kan segja frå her, at ingen fær lov å tala meir enn i 5 – høgst 7 minuttar. Talarane er desse: Formannen for laget, *O. A. Vestbø*, form. for lagsbruki, *C. Hatteland*, form. for Umlandhaug kaffistova, *Korn. Meland*, og so kjem formenner for ymse serlag; eg nemner nokon namn: *Guri Anestad, Fru Njølstad, Karl Myre, Olav Måland, Magnus Våge, Ingeleiv Eikeland, Thomas Clementsen, Theodor Nesvik*, og enno ein kar til som ikkje ynskjer namnet sitt på prent. – Som me ser er dette noko nytt, og me trur nok lagsfolket vil få gleda av dette møte.

Desutan fær me høyra songarlaget. Vel møtt då alle lagsfolk til det fyrste møte i det nye året.

---

# Ved ny-året.

*Tone: Rinn nu op.*

*Gamleåret seig i hav,  
siste dag i dauden bleikna;  
men i aust det atter kveikna:  
nyfødd sol stod upp av grav.  
Ljoset fram or myrkret stiger  
som på fyrste skapningsdag.  
Sol og dag er fødd til siger,  
myrkret dømt til nederlag.*

*Men kvart år som sloknar ut,  
atter meg til minnes kallar  
at min dag til kvelden hallar  
og der hjem ei natt til slutt,  
då den sol som lyser verdi  
for mitt auga svartnar av:  
Gjeng i myrker siste ferdi?  
Eller er der ljøs i grav?*

*Ja! um nyårsdagen rann  
yver jord ein morgonrøde  
som igjenom verste våde  
utan skymring lysa kann:  
Jesu namn ei nyår vigde  
som vert aldri gamalt att;  
det hev ljøs forutan brigde,  
det hev dag forutan natt.*

*Vil du dette dyre namn  
trugen i ditt hjarta skriva,  
skal du aldri undan driva:  
det skal leida trygt din stamn.  
Or di leid du aldri villest,  
gjeng so mot deg storm og flod;  
i det namnet stormen stillest,  
og so vert då enden god.*

*Blix.*

## Styrer og nemnder.

På siste møte i januar skal det veljast nye folk i styrer og nemnder for serlagi. For å gjera det lettare, når desse skal veljast, tek me med her i bladet dei som står att frå ifjor.

Barnelaget. Desse vart valde i fjor: *Tora Vignes* og *Dagfrid Hatleskog*. Her skal veljast 2 nye.

Blomelaget. *Maria Njølstad* og *fru Arnestad Meland*. Her skal veljast 2 nye.

Boksamlinga: *Einar Nordaker* og *Vegard Sletten*. Her skal veljast 2 nye.

Hafsrø: *Thomas Clementsen*, *Sigrid Arbus*, og *Kristian Bærheim*.— Her skal veljast 3 nye.

Leikarringen: *Julie Ryen* og *Borghild Fisketjøn*. Her skal veljast 2 nye.

Spellaget; *Bergit Vik*, *Karl Myre* og *T. Nesvik*. Her skal veljast 3 nye.

Udlandhaug kaffistova: Her skal veljas nytt styre kvart år.

---

## Leserom.

Ja no har me endelg fenge eit leserom i laget. Dameromet på Matstova er no vølt og fjelga.

*Frank Wathne* har pryda tak og vegger, og tvo store gilde benkjer med skinnrygg og skinnsete er det og kome. Dameromet som før helst såg kaldt og lite hyggjelegt ut, er no vorte gildaste romet på Matstova.

Frå kl. 19 (7) um ettermiddagen er leseromet ope for lagsfolk. — No står det til lagsfolket um dei vil nytta dette gilde romet. Nokre spel er enno ikkje kjøpt, ein vilde fyrst sjå um det vert nokon søknad på leseromet.

---

## Fyrste spelkvelden i det nye året.

Sundag 13. januar skal spellaget ha si fyrste framsyning i år. Morospelet *Nordigardskår* av *Erling Moen* vert spela. Stykket har vore spela berre ein gong fyrr på haustmarken, so truleg har storparten av lagsfolket ikkje set det enno. Spellaget har no kosta heilt ny stova, som denne kvelden vert bruka for fyrste gong. Det vert ein gild kveld med musikk og leik etter framsyningi.

---

## Saklista for januar 1935.

Torsdag 10. januar:	Nyårsynskje ved formennene i laget, lagsbruki og alle serlag. Song av songarlaget.
Sundag 10.	— Spelframsyning.
Torsdag 17.	— Fyredrag av <i>Arne Espeland</i> . Song av <i>Herold</i> .
Sundag 20.	— BOK-KVELD
Torsdag 24.	— Årsmøte. Meldingar, rekneskap, val.
Torsdag 31.	— Val på styre for serlagi og Hafsrø. Leik, kaffi og bolla.

---

Utgjeve av Bondeungdomslaget, Stavanger. Bladstyrar *Kristian Bærheim*.

---

S. Undems boktrykkeri, Stavanger



**Soma** ved Filmteatret

**Forlovelsesringe**

Billigste priser  
Største utvalg.

Frukt  
Tobakk - Cigarar

*Alltid gode varor*

**OLAV HAMRE**

Telefon 3440

Nytorget 5

**Kåpe, og Kjolesøm**

utføres

**Nelly Husebø**

Telefon  
4232

ØKONOMS GÅRD  
Klubgt. 4

**Kjøp bøker**

hos



**Stendig fram.**

Slik har det gått med Andvake. Målfolket i Rogaland kan trygt vera med. Bonus utskift sidan 1928. Umbodsmenn i Stavanger: Magnus Våge, Gunhild Bjerkreim, Øystein Eskeland, L. Torgersen, Lars Bjørheim.

Det vilde venteleg vera tenleg å tala med ein av dei um trygding.

**Matstova**

Øvre Holmegt. 20

**Middag frå kl. 12-16**

**Kaffistova**

Torget 6

**Kaffistova**

Østervåg 25

**Middag frå kl. 12-16**

**Mostun**

ved Mosvatnet

**Bondeungdomslaget**



Byens største utvalg i Musikkinstrumenter  
**Radioapparater** i godt utvalg  
Avbetaling innrømmes  
**H. T. RUUD A.s.**  
Kirkegaten 40

## Stavanger Colonialforretning

har byens beste  
**brendte kaffe**

## Vaaland Dampbakeri

(G. SØNNELAND)

Musegt. 46 Telefon 1810 f.

Utsalg

Skolegt. 17 Telefon 3520

## A. Mauland A/s

Klostergården

Telefon 2645

## Elektrisk Forretning

Radioapparater

## KILOWATT

Engelsmindegt. 15 — Telf. 3119

LARS BØ

ELEKTRISK INSTALLATIONSFORRETNING

## A. IDSØE

Telefon . . . 102 - 458

Rigstelefon 3020 - 3089

KJØD- OG PØLSE-  
FORRETNING :: ::

ETABL. 1828

## Belysningskunst

? *Spør* etter  
teikningar og yverslag


A. Edvardsen Selvik

**Ciclor**

Verksted Hetlandsg. 45

## Bryne Jonas Jørstads, Bokhandel

Fotografisk forretning  
Stort boklager, Nynorsk, Bokmål  
Kodak fotoapparat  
Kodak film  
Framkalling, kopiering



„Svithun“ er den bedste sykkel  
Avtbetaling indr.

**Maskinhuset A.s.**

Bredgaten 9 Stavanger

Største utvalg i

**SKOTØI**

Spaser-, Sports- og Arbeidsskotøi  
Dame, herre og barn i alle prislæg.

Landets beste fabrikker, yderst lave  
priser. **Best, billigst!**

En detail, en gros.

**O. THORSNÆS**

Stavanger

KIRKEGATEN 42 - TELF. 3690

**J. Østebø**

Telefon 1873 **Stavanger** Verksgt. 2

*Parafin hengjelampor*

*Ell. ljosekronor*

*Steinty - Postelin*

*Glasvaror*

En gros

En detail

*Ingi gåva*

*pryder*

*som blommar frå*

*Blomsterhallen*

Drikk

Varhaug

Kulturmilk

*Ingeleiv Eikeland*

**Syforretning**

Kyrkjegt 18, telefon 3594

Kjole- og kåpesaum

Godt arbeid

Rimelige prisar og alt i

nyaste snitt.

**GODT DRIKKA!**

Hjå meg kann De få kjøpa brus, selters, bocco, søt og sur  
saft, epleaft, Vyrterøl

Løna med fleire medaljor

Telefon  
727 k 228

**GUNNAR LØVIK**

KONGSGATA 36

Telefon  
727 k 228



Det beste  
De fær for pengane!

